



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE - 010
Arkivsaksnr: 16/447	Løpenr: 17/5610
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Valstyret	01.06.2017	003/2017

Tidleg- og førehandsrøysting ved Stortings- og sametingsvalet 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ved Stortings- og sametingsvalet 2017 vert det tilbod om tidlegrøysting og førehandsrøysting i sørvissenteret på kommunehuset. Tilbodet gjeld i den ordinære opningstida i sørvissenteret

(kl. 08:30 – 15:00). I tillegg vert det tilbod om førehandsrøysting følgjande dagar:

- Laurdag 02.09.2017 kl. 12:00 – 16:00.
- Torsdag 07.09.2017 kl. 15:00 – 19:00.

Leiar i valstyret får fullmakt til å fastsetja dato og tidspunkt for tilbod om førehandsrøysting ved Samnangerheimen.

Leiar i valstyret får også fullmakt til å organisera ambulerande førehandsrøysting.

01.06.2017 Valstyret:

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram forslag til vedtak om at det skal vera førehandsrøysting i det nye biblioteket på Bjørkheim istadenfor på kommunehuset på Tysse følgjande dagar:

- Laurdag 02.09.2017 kl. 12:00 – 16:00. • Torsdag 07.09.2017 kl. 15:00 – 19:00.

Valstyret støtta samrøystes framlegget frå rådmann med endringane frå **Øyvind Strømmen (MDG)**.

VAL- 003/2017 Vedtak:

Ved Stortings- og sametingsvalet 2017 vert det tilbod om tidlegrøysting og førehandsrøysting i sørvissenteret på kommunehuset. Tilbodet gjeld i den ordinære opningstida i sørvissenteret (kl. 08:30 – 15:00).

I tillegg vert det tilbod om førehandsrøysting i lokala til det nye biblioteket på Bjørkheim følgjande dagar:

- Laurdag 02.09.2017 kl. 12:00 – 16:00.
- Torsdag 07.09.2017 kl. 15:00 – 19:00.

Leiar i valstyret får fullmakt til å fastsetja dato og tidspunkt for tilbod om førehandsrøysting ved Samnangerheimen.

Leiar i valstyret får også fullmakt til å organisera ambulerande førehandsrøysting.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Valgloven med forskrift

Kva saka gjeld:Førehandsrøysting

Den ordinære førehandsrøystinga skjer frå og med 10. august i valåret, jf. vallova § 8-1 første ledd. Fell 10. august på ein laurdag eller ein heilagdag, startar førehandsrøystinga den første påfølgjande kvardagen, jf. vallova § 15-5. Førehandsrøystinga kan ikkje skje seinare enn siste fredag før valdagen, jf. § 8-1 andre ledd.

For Stortings- og sametingsvalet 2017 vil førehandsrøysteperioden verta frå 10. august - 8.september.

Tidlegrøysting

Veljarar kan røysta innanriks frå 1. juli, såkalla tidlegrøysting. Det skal vere mogleg å tidlegrøysta fram til og med 9. august, det vil seie fram til den ordinære førehandsrøystinga startar 10. august.

Formelt er ei slik «tidlegrøyst» ein del av førehandsrøystinga, men perioden 1. juli til 10. august blir kalla for tidlegrøysting og perioden frå 10. august til fredag før valdagen for ordinær førehandsrøysting. Ordninga er heimla i valgloven § 8-1 fjerde ledd:

«(4) Velgere som oppholder seg innenriks, unntatt på Svalbard og Jan Mayen, og som ikke kan avgi stemme i perioden for forhåndsstemmegivning eller på valgtinget, kan henvende seg til kommunen og avgi stemme fra 1. juli og frem til forhåndsstemmegivningen starter 10. august i valgåret.»

Ordninga gjeld alle veljarar. Tidlegrøysting er meint som ei ordning for dei som ikkje har høve til å røysta innanfor førehandsrøysteperioden eller på valdagen. Det er likevel ikkje noko krav om at veljaren må dokumentera at han eller ho ikkje har høve til å førehandsrøysta eller til å røysta på valdagen.

Veljaren kan kontakta kommunen og be om å få røysta. Det kan skje skriftleg eller munnleg.

Veljarane skal ha høve til å røysta i alle kommunane i landet.

Vurderingar og konsekvensar:

Sørvissenteret vil halda ope også i lunsjpausen (mellom 11:30 og 12:00) i førehandsrøysteperioden.

Tilbodet om tidlegrøysting og førehandsrøysting vil verta kunngjort i Samningen og på kommunen sine nettsider. Tilbodet om førehandsrøysting ved Samnangerheimen må i tillegg kunngjerast spesielt, for eksempel med oppslag.

Ved tidlegare val har kommunen sendt ut SMS til alle mobiltellefonar i Samnanger ei tid før slutten av førehandsrøystingsperioden. Der vart det gjeve informasjon om tilbodet om førehandsrøysting. Reaksjonane på utsendinga har i hovudsak vore positive og fleire av veljarane har komme med tilbakemelding om at dei ikkje hadde røysta om ikkje dei hadde fått ei påminning på SMS. Kommuneadministrasjonen tek sikt på å sende ut ein tilsvarande SMS også i år, som eit tiltak for å auke valdeltakinga.